

131 hjortar kan fellast i dalen

04.09.2009



Hjorteslakting på Haugland (Foto: Jane Haaranes)

**10. september startar hjortejakta og i Uskedalen er det gjeve løyve til å fella 131 dyr medan det ifjor vart felt 98.I tillegg kjem 8 dyr som Oscar Langballe har løyve til å fella på Skorpo.**

Dette er Uskedal-løyvene fordelt på dei ansvarlege jaktleiarane:

- \* Joar Hjelmeland, Seimsfoss 9 dyr
- \* Svein Ottar Rørheim, Uskedalen 25 dyr
- \* Lars Haugland, Uskedalen 20 dyr
- \* Tore Musland, Uskedalen 22 dyr
- \* Sigmund Myklebust, Uskedalen 10 dyr
- \* Geir Enes, Uskedalen 10 dyr
- \* Peder Ljosnes, Uskedalen 8 dyr
- \* Halvard Døssland, Uskedalen 27 dyr

Om stutt tid skal kommunestyret avgjera endringane i minsteareal. Viltnemnda og forvaltningskomiteen tilrår 350 dekar pr. fellingsløyve, men dette vil ikkje tre i kraft før neste jakt.

I 2008 var fellingsprosenten 85 i kommunen.

Jakta varar i utgangspunktet ut november, men den kan verta utvida heilt fram til jul.

I somme område kan det vera interessant med utviding, særleg der hjorten står oppunder fonna ganske lenge.

Terje Natland ved landbruksavdelinga i kommunen seier til Grenda at hvis ein reknar ei snittvekt på 50 kilo for dei rundt 1.000 dyr som vart felte i fjor og gjev kjøtet ein verdi på 70 kroner kiloen blir jakta ein millionbutikk.

Av Ola Matti Mathisen